



Uskedalsposten og lokale bøker sel godt i tida fram til jul.

**Uskedalsposten og lokale bøker sel godt i tida fram til jul. Boka Frå heim til heim av Kristian Hus har vore i handel i fleire veker. Artikkelen om Olav Arne Ljosnes er ein medverkande faktor til at boka sel godt i Uskedalen. Uskedalsposten sel alltid godt. Boka Livsglad mat frå HAVET er nyleg lagt ut for sal. Det er venta at boka vert ei sikker julegåve.**

Uskedalsposten vert trykt på Kvinnherd Vekstbedrift i eit opplag på maks 400 eks. Alt vert seld. Mange husstandar sikrar seg Uskedalsposten og nokre kjøper bladet og brukar det som julehelsing, særleg til slekt og vener i inn- og utland. Når salet er avslutta, vert Uskedalsposten digitalisert og lagt på nettsida Uskedalen.no.

Hjørnevågboka Livsglad mat frå HAVET har eit opplag på 1000 eks. Boka er lagt ut for sal i bokhandelen i Rosendal og på Husnes og i nokre daglegvarebutikkar, som til dømes SPAR Uskedalen. Laurdag i denne veka frå kl. 11 vert boka signert av brørne Alf og Harald Hjørnevåg på SPAR. Boka er velskriven og er viktig langt utover det å vera ei bedriftshistorie. Teksten er god og eit rikt og variert bilettilfang gjer at boka langt på veg er ei bygdesoge. I morgon laurdag kan du sikra deg ei bok med helsing og signatur.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal